

Tabell 2-k

Innbyggjartilskot til kommunane (kap. 571, post 60)

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet fordelt mellom kommunane med eit likt beløp per innbyggjar (etter at tilskot som er gitt ei særskild fordeling er trekt ut, jf. kolonne 4 i tabell C-k). Deretter skjer det ei omfordeling mellom kommunane på grunn av utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular og inntektsgarantiordninga (INGAR). Skatteutjamninga inngår òg i post 60, men er ikkje med i Grønt hefte fordi ho blir berekna etter kvart som skatteinngangen ligg føre. Samla sum på post 60 for den enkelte kommune vil derfor ikkje vere klar før i februar 2014. Utgiftsutjamninga, skatteutjamninga og inntektsgarantiordninga er reine omfordelingar mellom kommunane.

Innbyggjartilskotet, inkludert utgiftsutjamning og inntektsgarantiordninga, er basert på innbyggjartalet per 1. juli 2012. Skatteutjamninga blir basert på innbyggjartalet per 1. januar 2013.

Kolonne 1 – Innbyggjartilskot før omfordeling

Kolonne 1 viser løyving på kap. 571, post 60 før omfordeling, etter at saker med særskild fordeling (tabell C-k) er trekte frå. Løyvinga på kap. 571, post 60 er om lag 109 679 mill. kroner. Av dette blir om lag 389 mill. kroner gitt med ei særskild fordeling. Innbyggjartilskotet er fordelt med eit likt beløp per innbyggjar til alle kommunane. For 2013 er innbyggjartilskotet før omfordeling 21 786 kroner per innbyggjar.

Kolonne 2 – Utgiftsutjamning

Kolonne 2 viser omfordelinga som følge av utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga for elevar i statlege og private skular. Utgiftsutjamninga og korreksjonsordninga er nærare dokumentert i tabell A-k.

Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling

Kolonne 3 viser fordelinga av 3 saker med særskild fordeling i 2013. Fordelinga som kjem fram i kolonne 3 er nærare dokumentert i tabell C-k.

Kolonne 4 - Innbyggjartilskot før inntektsgarantiordninga

Kolonne 4 viser samla løyve på kap. 571, post 60 i 2013, før berekning av inntektsgarantiordninga. Kolonnen er summen av kolonnane 1 til 3.

Kolonne 5 – Inntektsgarantiordninga (nettoeffekt)

Kolonne 5 viser nettoeffekten av inntektsgarantiordninga i 2013, det vil seie inntektsgarantiordninga inklusive finansiering av ordninga. Berekninga av inntektsgarantiordninga er dokumentert i tabell B-k.

Kolonne 6 - Innbyggjartilskot med utgiftsutjamning og inntektsgarantiordninga

Kolonne 6 viser samla løyving på kap. 571, post 60 i 2013, i alt 109 679 mill. kroner. Kolonnen viser innbyggjartilskotet, medrekna utgiftsutjamninga, korreksjonsordninga for statlege og private skular, saker med særskild fordeling og netto inntektsgarantiordning. Kolonnen er summen av kolonnane 4 og 5. Kolonnen er òg vist i tabell 1-k, kolonne 1.